

## Referat frå styremøte nr. 2-2024

**Dato:** 22.03.2024

**Tid:** kl. 10.00-12.10

**Stad:** Norsk Maritimt Kompetansesenter (NMK) i Ålesund, United Future Lab Norway i 6. etasje.  
Møtet var tilrettelagd for deltaking på Teams.

### Til stades frå styret:

*Ved fysisk frammøte:*

Styreleiar Vebjørn Krogsæter (ordfører i Haram kommune)  
Styremedlem Terese Jemtegård Moen (ordfører i Fjord kommune)  
Styremedlem Kenneth Langvatn (ordfører i Giske kommune)  
Styremedlem Ann-Kathrin Storøy (ordfører i Herøy kommune)  
Styremedlem Sølvi Dimmen (ordfører i Volda kommune)  
Styremedlem Håkon Lykkebø Strand (ordfører i Ålesund kommune)  
Styremedlem Monica Molvær (varaordfører i Ålesund kommune)

*Digitalt via Teams:*

1. vara Lena Landsverk Sande (varaordfører i Vanylven kommune)

### Frå administrasjonen i SR:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal  
Rådgivar Vegard Austnes

### Andre:

Prosjektleiar for The North West Christian W. Finnskog (sak 15/24)

### Referent:

Vegard Austnes

**Sak 13/24: Velkomen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt**

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Styreleiar ønskte velkomen til møtet. Møteinnkallinga vart godkjend.

Styremedlem Kenneth Langvatn melde som sak til eventuelt Statens vegvesen sin KVVU-rapport for Rv. 658 Ålesund-Vigra. Saka vart sett på saklista som ny sak 24/24.

**Sak 14/24: Godkjenning av referat frå styremøte nr. 1-24**

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Referatet frå styremøte nr. 1-24 vart godkjend.

**Sak 15/24: The North West 2024**

**Orientering om arrangementet.** Ved prosjektleiar TNW Christian W. Finnskog  
**Eventuell ordførarsamling under arrangementet.** Ved styreleiar SR Vebjørn Krogsæter

Finnskog fortalde at The North West starta i 2018 som ein konferansefestival. Sidan då har The North West endra seg og handlar i 2024 om sosial berekraft med tittelen «Brobyggere». Arrangementa finn stad 27., 29. og 30. april. Programmet finn ein på The North West si [nettside](#).

Styret drøfta på førre styremøte om Sunnmøre regionråd (SR) skal arrangere ei ordførarsamling der temaet er å bli kjent og få kunnskap om korleis ein kan samarbeide for å få gjennomslag for viktige regionale saker. Styret konkluderte med at ein vil prøve å få til ei slik ordførarsamling før sommaren, helst i mai.

Eit alternativ er å ha ei ordførarsamling under The North West 29.-30. april 2024. Administrasjonen sende 19. mars ein invitasjon til ordførarane i deltakarkommunane om ordførarsamling under The North West.

Styret konkluderte med å arrangere ei ordførarsamling under The North West dersom ein får god påmelding frå ordførarane i deltakarkommunane.

**Sak 16/24: Evaluering av Arena Sunnmøre 2024**

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Arena Sunnmøre vart arrangert 9. februar 2024 på Color Line Stadion i Ålesund. Temaet var framtidsbilete om helse- og velferdstenester i kommunane. I evalueringa i styret kom det fram følgjande synspunkt om arrangementet:

- Programkomiteen har gjort ein god jobb
- Det var litt repetisjon av innhaldet på Nyttårkonferansen 2024.
- Det var nokre tekniske problem undervegs når innleiarane skulle delta digitalt. Arrangementet fungerte best når innleiarane var fysisk til stades i møtelokalet.
- Det var få pausar og høve til å mingle.
- Det kan vere ein tanke å mikse kommunane ved borda, eventuelt først plassere kommunevis og mikse kommunane ved borda på slutten av dagen.

Sunnmøre regionråd tek med seg evalueringa inn i planlegginga av Arena Sunnmøre 2025.

### **Sak 17/24: Orientering om oppfølging av saker frå styremøte nr. 1-2024**

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

På førre styremøte var det 3 saker til eventuelt som styret ikkje rakk å handsame. Administrasjonen har følgd opp desse sakene i etterkant av møtet.

1. Frå styremedlem Ann-Kathrin Storøy: Ruteendring på hurtigbåt frå Hareid, kutt av første avgang kl. 04.55 frå 1. januar 2024. Administrasjonen sende 5. februar brev til fylkesordføraren om saka. Brevet vart sendt til styret.

Dagleg leiar orienterte om samtale med fylkesordføraren og at det vert arbeid med saka. Administrasjonen følgjer opp saka vidare.

2. Frå styremedlem Sølvi Dimmen: Fylkesveg 60 må ikkje dette ut av fylkeskommunalt budsjett. Administrasjonen har avtalt med Dimmen å vente med å gjere noko i saka.
3. Frå styremedlem Terese Jemtegård Moen: Uttale om beredskapsferje i Valldal. Administrasjonen sende 2. februar ein uttale til Sjøfartsdirektoratet vedrørende beredskapsferje og endra praksis for kviletidsbestemmelsar. Sjøfartsdirektoratet svarte 11. mars. Uttalen og svaret vart sendt til styret.

### **Sak 18/24: Orientering om «Bli med hit!»-arrangementet i Oslo 11. april 2024 på Clarion Hotel The Hub i Oslo.** Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

[«Bli med hit!» Møre og Romsdal](#) er eit samarbeid mellom Molde Næringsforum, Kristiansund og Nordmøre Næringsforum og Næringsforeningen i Ålesundsregionen.

I fleire år har dei saman arrangert jobbmessa «Bli med hjem» for å rekruttere arbeidskraft tilbake til regionen. Sunnmøre regionråd deltok på «Bli med hit!» i 2023, og har tilbydd seg å vere koordinator for kommunar som vil delta i 2024.

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal reiser ned og deltek på arrangementet 11. april. Han held dialog med kommunane om kven som deltek.

### **Sak 19/24: Val av representantar frå Sunnmøre regionråd til styret i Destinasjon Ålesund og Sunnmøre (DÅS). Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter**

DÅS ber Sunnmøre regionråd velje ein representant frå nordre Sunnmøre og ein frå søre Sunnmøre til å sitte i styret i DÅS. Begge med vararepresentant.

I dag er det Eva Hove og Knut Erik Engh som sit i styret, men ingen av dei er lenger ordførar.

DÅS forslår sjølv følgjande: Søre Sunnmøre: Sølvi Dimmen representant, Paul Sindre Vedeld vararepresentant. Nordre Sunnmøre: Einar Arve Nordang representant, Vebjørn Krogsæter vararepresentant.

Styreleiar Vebjørn Krogsæter foreslo Terese Jemtegård Moen som vararepresentant i staden for seg sjølv.

Vedtak: Søre Sunnmøre: Sølvi Dimmen vert representant, Paul Sindre Vedeld vert vararepresentant. Nordre Sunnmøre: Einar Arve Nordang vert representant, Terese Jemtegård Moen vert vararepresentant.

Vedtaket vart gjort med atterhald om at dei som er foreslått sjølv ønskjer å sitte i styret i DÅS.

### **Sak 20/24: Årsmelding og rekneskap 2023**

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Årsmelding og rekneskap 2023 følgjer vedlagd. Sunnmøre regionråd hadde i 2023 eit netto driftsresultat på kr. 861.029,11.

Framlegg til vedtak: Styret godkjenner årsmeldinga og rekneskapa for 2023. Årsmeldinga og rekneskapa vert lagt fram for representantskapet til endeleg godkjenning.

**Sak 21/24: Vurdering av om Sunnmøre regionråd skal ta tak i utfordringane med interkommunale samarbeid som vart presentert under Nyttårskonferansen 4.-5. januar 2024**

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Geir Vinsand i NIVI Analyse AS har utarbeidd ein rapport om interkommunalt samarbeid på oppdrag frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. For å møte samfunnsutfordringar vert det i rapporten teke til orde for eit breiare og meir oversiktleg organisert interkommunalt samarbeid. Vinsand anbefalar fire faste kommuneregionar som grunnlag for samarbeid om teneste- og samfunnsutvikling. Han peikar i rapporten på regionråda som naturleg arena for strategiske diskusjonar.

Vinsand viser til at det på prioriterte tenesteområde kan etablerast fylkesinitiativ med sikte på utvikling av fylkesdekkande samarbeid, f.eks. innan barnevern, NAV, regionalt plankontor, felles økonomikontor eller felles tildelingskontor for helse- og omsorgstenester.

På førre styremøte vart det kommentert at det i dag ikkje er mange interkommunale samarbeid mellom kommunar på Sunnmøre og i Romsdal. Det vart stilt spørsmål om Sunnmøre regionråd skal utvikle slike samarbeid.

På søre Sunnmøre er det i dag interkommunalt samarbeid gjennom Sjustjerna. Etter det som kom fram på førre styremøte vil Ålesund kommune sjå på eit utvida samarbeid om tenester saman med nabokommunane innan Region Ålesund.

Styret konkluderte med å ta opp att diskusjonen på dette styremøte.

Dagleg leiar har vore i kontakt med Statsforvaltaren om denne saka, og er kjent med at det er dialog mellom Statsforvaltaren og kommunane i Region Ålesund.

Styret drøfta om regionrådet skal ta ei rolle i dette arbeidet. Det vart sagt at regionrådet kan vere ein arena der ein ser på kva det er mogleg å samarbeide om. Samstundes vart det peika på at Sunnmøre regionråd bør begrense seg til mandatet sitt. Både i Region Ålesund og i Sjustjerna er ein gang med å drøfte det interkommunale samarbeidet.

Styret sin konklusjon var å invitere Statsforvaltaren til det neste representantskapsmøtet 19. april i Volda, og ha ein open debatt om interkommunale samarbeid.

Kommunedirektørane, som har ei rolle i å samordne interkommunale samarbeid, vert invitert til representantskapsmøtet.

## **Sak 22/24: Omorganisering av Sunnmøre regionråd**

Ved styreleiar Vebjørn Krogseter

Ålesund kommunestyre gjorde i møte 8. februar d.å. følgjande vedtak:

«Kommunestyret ber at det blir opprettet dialog med Sunnmøre Regionråd om omorganisering av selskapet slik at Ålesund kommune får en reduksjon på medlemsavgift med 800.000 kroner.»

Jf. vedtatt budsjett for 2024 betalar Ålesund kommune kr. 1.354.000,- i driftstilskot. Ein reduksjon på kr. 800 000 betyr ein reduksjon på 59,08%.

Samla driftstilskot frå deltakarkommunane til Sunnmøre regionråd er i 2024 3 673 000. Ein reduksjon i driftstilskotet med 59,08% betyr en reduksjon i driftstilskotet med kr. 2 170 000. Samla driftstilskotet frå deltakarkommunane vert i tilfelle kr. 1 503 000.

Styremedlem Håkon Lykkebø Strand sa at Ålesund kommune ønskjer eit felles forslag frå styret til representantskapet. Ålesund kommune ønskjer reduserte kostnader til drift av regionrådet, og vil sjå på moglegheita for å ha berre ein tilsett. Vidare ønskjer ein å spare på husleigekostnadane. Ålesund kommune kan tilby Sunnmøre regionråd ein husleigeavtale på kr. 50.000,- årleg.

Styremedlem Monica Molvær stilte spørsmål om styret skal sette ned ei arbeidsgruppe (beståande av dei same personane som utgjer arbeidsutvalet i sak 23/24) som ser på ei alternativ organisering av regionrådet. Ho tok også opp om regionrådet kan ha ein arbeidande styreleiar i ein periode.

Styreleiar Vebjørn Krogseter foreslo at administrasjonen utarbeider forslag til omorganisering av Sunnmøre regionråd. Forslaget blir sendt på e-post til styret for handsaming før representantskapsmøtet 19. april.

Styret vil be om eit mandat frå representantskapet for vidare arbeid med omorganisering av Sunnmøre regionråd.

## **Sak 23/24: Rekruttering av ny dagleg leiar**

Ved styreleiar Vebjørn Krogseter

Styret konkluderte på førre styremøte med at styreleiar Vebjørn Krogseter, styremedlem Sølvi Dimmen og styremedlem Monica Molvær vert styret sitt arbeidsutval når det gjeld vidare arbeid med rekruttering av dagleg leiar fram mot neste styremøte.

Arbeidsutvalet fekk i oppgåve å sende førespurnad til 3 konsultentselskap om tilbod på rekrutteringsoppdraget, men ikkje skrive kontrakt med nokon på grunn av usikkerheita om framtida til Sunnmøre regionråd.

Styret konkluderte med at ein ikkje kan gå vidare med rekruttering av ny dagleg leiar slik situasjonen er no med omorganisering av regionrådet (jf sak 22/24).

#### **Sak 24/24: Eventuelt**

Styremedlem Kenneth Langvatn sende 19.03.24 e-post til styret der han bad om at styret drøftar følgjande:

«Statens vegvesen sin KVVU-rapport for rv658 (Ålesundstunnelane) har vore arbeidd med i lang tid og har lenge vore etterlengta. Rapporten ligg no føre, og tilrådinga frå SVV er todelt:

1. Minimumskonsept med styrking av kollektivtilbod og sikringstiltak (K1, K2, K3)
2. Langsiktig konsept gjennom etablering av nytt parallelt tunnellop (K5)

Sambandet er det aller mest samfunnskritiske knytt til risiko og sårbarheit i vår region, og bør inngå i porteføljen som regionrådet har innan samferdselssaker. Eg ber om at styret tek sambandet inn som eit prosjekt som rådet skal arbeidet med framover. Innsjelsnotat, uttaler og andre konkrete aksjonspunkt vert å kome attende til.»

Styret bestemte å ta Rv. 658 Ålesund-Vigra inn i regionrådet sin portefølje på samferdsel som eit prosjekt regionrådet skal arbeide med framover.